



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
02.07.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/6370 433.6
Dykkar referanse

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Til orientering: Registrering av hole eiker i kulturlandskapet i Hordaland i 2015

Det vil bli utført kartlegging av "hole eiker" i kulturlandskap i Hordaland i 2015. Målet med kartlegginga er å få ei viss oversikt over kor mange eiker vi har og korleis dei fordeler seg geografisk.

Hol eik i kulturlandskapet er ein såkalla *utvald naturtype* etter naturmangfaldlova, og er omfatta av eiga forskrift. Det er på bakgrunn av dette at Fylkesmannen i Hordaland har sett i gang registrering av slike tre. Dette brevet er meint som ei orientering til kommunen om kartlegginga av hole eiker, og er i tillegg ei oppfordring til å gi oss tips om område de trur kan ha konsentrasjon av slike tre.

I forskrifta er hol eik definert som eiker med omkrins på minst 200 cm, og eiker som er synlig hole og har ein omkrins på minst 95 cm. Omkrins blir målt i brysthøgde, ca. 1,3 m over bakken. Hol eik i produktiv skog er ikkje omfatta av forskrifta. Grunnen til dette er at slike tre skal handterast gjennom skogbruket sitt eige system for miljøomsyn. Den såkalla aktsemeldsplikta i naturmangfaldlova gjeld likevel òg for hole eiker i skog, og slike tre kan bli kartfesta og beskrivne på lik linje med eiker i kulturlandskapet.

Bakgrunnen for at hole eiker har fått status som utvald naturtype er at slike tre kan vere levestad for ei lang rekke sjeldne artar av insekt, sopp og lav. De kan lese meir om dette i den vedlagte brosjyra. Denne er utarbeidd av Fylkesmannen i Oslo og Akershus, men er like aktuell for vårt fylke, sjølv om vi på Vestlandet manglar mange av dei sjeldnaste raudlisteartane som er knytte til eik.

Så langt er det registrert og lagt inn ca. 230 eiker i Naturbase. Dei fleste av desse fell inn under definisjonen av eik som utvald naturtype. Nokre eiker er registrert gjennom den ordinære naturtypekartlegginga etter DN-handbok 13, og sidan 2012 har det òg blitt gjort kartlegging i delar av fylket med spesiell vekt på store eiker. Bergen kommune har gjort ein god jobb sjølv, og registrert nærmare 170 store eiker, men mange av desse er enno ikkje lagt inn i Naturbase. Elles har det blitt kartlagt eik i delar av Kvam herad og i Os kommune.

I 2015 ønskjer vi å komplettere kartlegginga i Kvam og Os, og i tillegg få oversikt over andre kommunar. Vi er litt usikre på kor mykje vi rekk over, difor vil den enkelte kommune bli kontakta når vi ser om det blir aktuelt å kartlegge her.

Det blir lagt vekt på å få kartlagt flest mogleg tre, og kvart enkelt tre blir difor ikkje grundig undersøkt. Omkrinsen på trestamma blir målt, og dersom treet fell inn under definisjonen av hol eik, blir treet fotografert, og vurdert i forhold til nokre fastsette parameter. Ein enkel beskrivelse blir lagt ut på Naturbase www.naturbase.no.

Tre som står i tun eller hagar blir i regelen ikkje undersøkt utan avklaring med eigar, men sidan kartlegginga oftast føregår i arbeidstida finn vi ikkje alltid eigar heime.

Alle eigarar av registrerte eiker som blir omfatta av forskrifta, får skriftleg informasjon om kartlegginga i etterkant. Vi ønskjer med dette å gjere eigar merksam på verdien av slike tre, og at det finst ordningar for tilskot til vitalitetsvurdering av store/hole eiker, og ev. til trepleie, om det skulle vere nødvendig av omsyn til liv og helse eller fare for skade på bygningars.

Som nemnt ønskjer vi tips, om de kjenner til store eiker eller område i dykker kommune som har konsentrasjon av slike tre.

Med helsing

Solveig K. Roald
seniorrådgjevar

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.